

Sommaren 2021

KYSTPILEGRIMSLEIA – SOM PERLER PÅ EI SNOR - MEIR HIMMEL PÅ FJORD

Ei helsing til kystpilegrimen !

Å legge ut på ei pilegrimsreise over tid, borte frå kvardagen, innbyr til refleksjon over dei store spørsmåla i livet.

Fader Michael frå Irland loste pilegrimar på vandring og inviterte til refleksjon:

Kva distanse har eg bak meg i livet no som eg er takksam for eller vil gå vidare frå?

Kva distanse i livet går eg no?

Kva kan eg sjå fram til med håp?

Når eg har fått tilgjeving for mine synder, kva vil eg bruke fridomen til?

Vi snakkar om ei ytre og ei indre reise. Den ytre reisa går mot ein heilag stad, den indre reisa er retta mot Gud. Den ytre reisa kan opne for den indre. Mange fortel at pilegrimsvandring styrker trua og gir hjelp til livstolking og livsmeistring.

Dom Helder Camara seier det slik:

Når din båt

*har ligget for lenge til ankers i havnen
og lar deg tro at den er et hus.*

Når din båt

*lar fortøyningene slå rot
i en urørlig kai.*

Da er det tid

for å lette anker!

Da haster det med å redde

*din båts reiselystne hjerte
og din egen pilegrims sjel.*

I snart tusen år har pilegrimar frå inn- og utland funne vegen til Nidaros og heilag-Olav si grav. Fleire vegar førte dit, men av dei viktigaste – og kanskje den mest brukte – var kystleia. Ved denne hovudleia langs vestlandskysten finn vi også pilegrimsmålet Selja ved Stad, som vi kjenner frå legenda om den irlske prinsessa Sunniva.

No tusen år seinare har prosjekt Kystpilegrimsleia som mål å skape ei samanhengande reiserute langs kysten frå Egersund til Trondheim – ei St.Olavslei og ein europeisk kulturveg.

Tufta på den historiske pilegrimsferdsla langs kysten skal Kystpilegrimsleia fremje kunnskap om historie og kulturminne, miljøforståing, folkehelse og fysisk aktivitet, og legge til rette for bruk og vern av kulturarven vår.

Bak prosjektet står fire bispedøme – Nidaros, Møre, Bjørgvin og Stavanger – og fire fylkeskommunar – Rogaland, Vestland, Møre og Romsdal og Trøndelag.

Forprosjektet var eit verdiskapingsprosjekt, finansiert av Riksantikvaren saman med fylkeskommunane. Kyrkja bidreg med kompetanse, kyrkjelege bygningar, menneskelege ressursar og innhald i form av pilegrimsliturgiar og gudstenester. Dei viktigaste medspelarane er lokalbefolkinga langs kysten, frivillige lag og organisasjonar, saman med næringsdrivande innan overnatting, mat, transport og attraksjonar.

I 2017 vart Kystpilegrimsleia godkjend som offisiell pilegrimslei, og 2021 er første prøveåret med finansiering frå stat, fylke og kommunar. Leia vert drifta frå Nasjonalt pilegrimssenter i Trondheim med fire regionale pilegrimssenter – Avaldsnes, Bergen, Selje og Smøla. Leia har 26 godkjende nøkkelstader av særeigen verdi.

Ved å løfte kystdimensjonen i den nasjonale pilegrimssatsinga vert alle pilegrimsmiljø i Noreg styrkt – både kulturminne underveis og hovudmålet Nidaros. I europeisk perspektiv får St. Olavsvegane til Trondheim ein tilleggsdimensjon i stadspesifikke opplevelingar som peikar utover det nasjonale og knyter band til mellomeuropeisk åndsliv og kultur.

Det er vårt håp at kyrkje og lokalsamfunn aktivt gjer seg kjent med pilegrimsmotivet og tek i bruk leia. Vi har tru for at dette vil gje gode impulsar til kyrkjelyden, opne eit rom for nye menneske og miljø og vere til glede for alle.

Velsigna ferd!

Inger Helene Nordeide, leiar
Bjørgvin bispedøme sitt pilegrimsutval

Ragna Sofie Grung Moe
kulturrådgjevar